

Open gard i ope landskap på Øverås:

- Ungane syns det er heilt knal

Rundt 550 besøkte Åsvin gard på Øverås i Vestnes søndag. Bondelaget stod som arrangør. Vertskapet Søren Johan og Anette Øverås var godt nøgd med dagen, der tilbod om mjølkning, rebusløp og natursti stod som naturlege aktiviteter.

BB - NORA R. HESSEBERG

- Det har vore utuleg mykje folk innom, seier Anette. Arrangementet kolliderte litt med Syltemartnan, men vi er svært positivt overraska so langt.» Mesteparten av dei fram-møtte var frå Vestnes, men også tyske turister hadde

KARLSEN KIROPRAKTIKK
SUNNVEG GJERDE



vore innom.

- Vi gjer dette for å få vise fram landbruket frå ei god side, og gjere folk medvetne på kor maten kjem ifrå, seier Ole Aksel Øverås:

- Vi merker at det har blitt auka fokus på nærproduisert mat, og kanskje meir aksept for landbruket i høve til korleis det var på -90 talet. No opplever vi at folk i

Frode Gjerde og Ragnhild Åkernes, Tomrefjorden saman med sine to engasjerte og leikne barn Nikoline (3) og Sunniva (2). Dei fryder seg i fjøset med kalven som står i bås og stikk hovudet nysjerrig ut. Yngstejenta vil gjerne vere med og føre kalven, og stikk handa ned i føret.

BYGDEBLADET 26/8-15



Nokre av vertskapet, som tok imot besøkande: F. v.: Steffen Staurset, Anette Øverås og hennar eldste bror Ole Aksel (med fast jobb i arkivet i Vestnes kommune). Hunden "Cesar" (9) fulgte trofast med.



Ridturen starter med mange forventningsfulle andlet i kjerra.

større grad ser verdien av det vi gjer; at maten blir produsert på ein skikkeleg måte.»

- Eg voner dei vil spise norsk mat, seier Anette med eit smil.

Glede

- Det er kjekt å komme og sjå. Vi har ein onkel som driv gard, men det er ikkje so ofte vi er der, seier tobarnspappa Frode Gjerde frå Tomrefjorden, der han er busatt saman med Ragnhild Åkernes. «Ungane syns det er heilt knall, og storkoser seg!»

Dei går i ein gardsbarnehage og er ikkje heilt uvant med dyr.

Frammarsj

- Dette er eit fantastisk arrangement, seier Grete Misfjord. Vi ynskjer at barnefamiliar skal komme og sjå på dyra - kva vi produserer og kvar mjølka kjem ifrå - og at dei får litt meir kontakt med husdyra.» Misfjord er leiar av Vestnes bondelag, og opplever at folk generelt set større pris på det bøndene driv med. Fleire folk i dag seier "du gjer ein positiv og god jobb," noko som både bondelaget og driverande sjølv set pris på å få høyre.

Vestnes med sidan oppstart Bondelaget har drevet med Open Gard siden 1989, og Vestnes har vore med sidan oppstart, annakvart år. Vestnes bondelag har 130

medlemar, med 24 mjølkebruk, pluss stor produksjon hjå gris- og sauebønder. «Øverås har hatt open gard to ganger på rad, og det er jo greitt å flytte litt på seg òg, for det er jo litt ekstra tiltak på dem som vil ha det, sjølv om bondelaget hjelper til, avslutter Grete Misfjord.

God dugnadsånd

- Det er ikkje noko problem med den dugnadsånda som er i bondelaget, seier Anette. - «Folk stiller opp, og det er ikkje noko problem å ha ansvaret. Bror min jobber på kveldstid, og so er det pappa og "i" som er her på heiltid. Vår drift utgjer to heile pluss ei halv stilling.»

Positive opplevingar

- Vi syns det var kjekt å ri og vere på tur med hestevogna, seier fire av borna som prøvdesit ein traktor inne i fjøset. «Og so var det spennande å komme nære kval!» Frydefulle kvin og glade barnestemmer ljoma gjennom loaket, medan folk sat i ro og koste seg med forfriskningar i skuggen av ein parasoll utanfor løeveggen. Hester, kaniner, høns og sauer beita fredfullt innanfor kvar sine innhegningar, medan små og store gjekk ikring og venta på nye opplevingar.



Traktor er spennande syns Erik Alexander Roald, Nora Heggdal, Kristoffer Viktor Roald og Marius Dybvik Roald. Mor til tre av barna, Katarina Roald, passer på. Katarina er regnskapsfører i Molde, gift med Kåre Roald og bosatt på Vestnes. Han er sjomann og opprimmeleg frå Vigra.